



RYFYLKE IKS

Innkalling til styremøte i ungdomsstyret i Ryfylke

Tid: Fredag 12. september 2025 kl. 14:00-16:00

Stad: Teams

Innkallinga går til: Ingrid Fatnes, rep. Sauda kommune
Eivind Hustveit, rep. Sauda
Arin Eiriksønn, rep. Suldal
Joel Nag, rep. Strand kommune
Anne Bratthammer, rep. Strand
Tiril Espedal, rep. Sandnes kommune
Peder Krokedal, rep. Hjelmeland kommune
Elise Svæven Oaland, rep. Hjelmeland

Med kopi til: Martine Hocking, vara Sauda kommune
Maja Kristin Janson Jordal, vara Sauda
Johan Kilane, vara Suldal kommune
Nora Østerbø, vara Suldal
Gabriel Havrevold, vara Strand
Brede Krogedal, vara Sandnes kommune
Marte Hovda, vara Hjelmeland kommune
Øyvind Opdahl Viga, vara Hjelmeland

RYFYLKE

Ein attraktiv region der
folk vil bu og arbeide



Saksliste

Sak 25/25	Godkjenning innkalling og møtebok frå møte 04.08.25	3
Sak 26/25	Styreinstrukser	3
Sak 27/25	Heim te Ryfylke	3
Sak 28/25	Trainee Ryfylke	4
Sak 29/25	Ryrekrutt 2026	4
Sak 30/25	Prosjektlearstillinga for Heim te Ryfylke er lyst ut	5
Sak 31/25	Eventuelt	5

Sak 25/25 Godkjenning innkalling og møtebok frå møte 04.08.25

Møteboka frå møtet 04.08.25 ligg ved.

▲ Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner møtebok frå møte 04.08.2025, innkalling og saksliste.

Sak 26/25 Styreinstrukser

Ungdomsstyret hadde i eit tidlegare møte ein workshop der me jobba med forventningar til rollene i styret. Det kom mange gode innspel frå medlemmane på kva som er viktig for å skape eit godt samarbeid og kva ein kan forventast av kvarandre.

Etter workshopen har administrasjonen i Ryfylke IKS hatt eit møte saman med arbeidsutvalet, der me har gått gjennom innspela og ferdigstilt eit forslag til styreinstruks. Dokumentet inneheld mellom anna:

- Roller og ansvar i styret (leiar, nestleiar, sekretær, vanlege medlemmer og vara).
- Retningslinjer for møteverksemd og arbeidsform.
- Forventningar til deltaking, kommunikasjon og oppfølging.
- Reglar for honorar og reiserekning (sjå eigne vedlegg).

Styreinstruksen skal vere eit verktøy for å sikre struktur og godt samarbeid i ungdomsstyret. Den gir også nye medlemmar ein enkel introduksjon til kva vervet inneber.

Det er Representantskapet i Ryfylke IKS som vil vedta styreinstruksane. Dokumenta vil bli sendt til styret i forkant av møtet.

▲ Framlegg til vedtak:

Saka blir teken til orientering.

Sak 27/25 Heim te Ryfylke

Prosjektet *Heim te Ryfylke* er i ein prosess for å finne ny leverandør til nettløysinga. Etter ei grundig vurdering blei det konkludert med at prosjektet hadde behov for å endra leverandør. Dette har ført til at framdrifta er forsinka med om lag seks månadar.

Arbeidet med ny anbudsrunde er starta opp, og det er venta at arbeidet er i gang i Oktober. Fokus er framleis å synleggjera korleis det er å bu, leva og jobba i regionen på ein engasjerande og effektiv måte. Administrasjonen vil informere meir under møtet.

▲ **Framlegg til vedtak:**

Saka blir teken til orientering.

Sak 28/25 Trainee Ryfylke

Ungdomsstyret får orientering om Trainee Ryfylke – eit nytt samarbeid mellom Trainee SørVest og RIKS. Programmet gir nyutdanna kandidatar fagleg utvikling, samtidig som “Ryfylke-pakken” gir dei ekstra samlingar, rabattordningar og oppfølging i regionen.

▲ **Framlegg til vedtak:**

Styret tek saka til orientering.

Sak 29/25 Ryrekrutt 2026

Planlegginga av Ryrekrutt 2026 er godt i gang, og me har no fått reservert Fiskepiren i Stavanger til 30.–31. mars 2026. For å unngå kollisjon med Saudaquizen er me i dialog med arrangørane der om datoar, slik at begge arrangementa kan gjennomførast på ein god måte utan å konkurrere om publikum og deltakarar.

Når det gjeld artistar har Fiskepiren føreslått Tobias Steen som eit godt hovudnamn, men me er også i dialog om mogleg oppvarming frå band som **Vettche** og **Fyk**. Når det gjeld mat ser me på andre leverandørar frå andre kommunar. Dette vil bidra til å spreie oppdraga på fleire Ryfylke-kommunar frå år til år. Administrasjonen kan sei meir om dette på møtet.

Budsjettet for 2026 ser lovande ut. Administrasjonen jobbar vidare med finansieringsplan. Eit detaljert budsjett vil bli lagt fram i representantskapsmøtet 27.oktober til godkjenning.

Ungdomsstyret har ein viktig rolle i planlegginga og gjennomføringa av Ryrekrutt.

Styret kan særleg bidra med:

- Program og konkurransar for ungdom – innspel til aktivitetar og konsept som gjer arrangementet meir engasjerande.

- Marknadsføring og SOME – til dømes Instagram-takeover, reels, intervju og anna innhald som når ut til ungdom.
- Vertskap og profilering – vere synlege under sjølve arrangementet, bidra som verter, og vise fram ungdomsstyret som ein aktiv del av rekrutteringsarbeidet i regionen.

▲ Framlegg til vedtak:

Styret tek saka til orientering og kjem med innspel.

Sak 30/25 Prosjektleiarsstillinga for Heim te Ryfylke er lyst ut

Prosjektleiarsstillinga for Heim te Ryfylke har sagt opp stillinga si i Ryfylke IKS og går no over til noko anna. Ryfylke IKS har derfor lyst ut stillinga som ny prosjektleiarsstilling. Den som blir tilsett vil få eit særleg ansvar for å vidareutvikle og driva satsinga framover, i tett samarbeid med kommunar, næringsliv, frivillige og ikkje minst ungdom i regionen.

Utlysinga har tittelen «*Vil du vere med å skape framtida i Ryfylke?*» og det er ei treårig prosjektstilling. Prosjektleiaren vil ha ei sentral rolle i arbeidet med å styrka rekruttering, tilflytting og attraktivitet i regionen, i tett samarbeid med resten av administrasjonen.

Søknadsfrist er sett til 18.september .

Sak 31/25 Eventuelt



Ungdomsstyret i Ryfylke

Ungdomsstyret består av medlemmar frå alle kommunane i Ryfylke. Styret skal vera ein viktig pådrivar for å auka deltaking av unge i utviklinga av Ryfylke-regionen. Dette inkluderer å bidra til å byggja gode møtestader og å styrkja Ryfylke sin posisjon som ein attraktiv plass å bu og arbeide for ungdom.